

Forslag 6.6

Gruvedrift med sjødeponi er miljøkriminalitet

Det er stor aktivitet og mange planar for ny gruvedrift omkring i heile landet, spesielt nær kysten, men også fleire stader i innlandet er det planlagd omfattande gruveverksemd, og totalt sett vil dette auke presset på verneverdige naturområde og landskap. For kystnære gruver blir det uttrykt at det er eit vilkår for gruvedrift at ein får lov til å dumpe gruveavgangen i næraste fjord. Gruveavgangen er det som er att etter at det mest lønsame innhaldet er teke ut, og inneheld som regel både viktige ressursar som ein bør ta vare på, tungmetall og kjemikaliar.

Der gruveavgangen blir dumpa i næraste fjord blir dei daude og nedslamma i område som kan vera mange kvadratkilometer, og slam og kjemikaliar spreier seg som regel lengre ut enn planlagd. Botnlevande organismar døyr og fiskeyngel skyr tidlegare oppvekstområde, mens laks, sjøaure og sjørøye må vandre gjennom. Sydvaranger gruve AS har fått løyve til sjødeponi, og vi har sett gjentekne brot på utsleppsvilkåra og stadig nye søknader om auka utslepp av gruveavgang med giftige kjemikaliar i Bøkfjorden, ein nasjonal laksefjord. Det har kome tilsvarande planar om sjødeponi i Førdefjorden i Sogn og Fjordane og i Repparfjord i Finnmark, og det er grunn til å vente eit stort tal søknader om å fylle fjordane med gruveavgang i åra framover. Det har foreløpig vore lite motstand mot sjødeponi frå Klima og forurensningsdirektoratet, som uttrykte følgjande på ekspertmøte i FNs maritime organisasjon (IMO) i mai 2011: "Sjødeponi av gruveavgang er vanleg praksis i Noreg, og vil også bli vurdert for framtidige prosjekt."

Internasjonalt er det aukande motstand mot sjødeponi av gruveavgang. Store gruveland som Kina, Australia, USA, Brasil og Kanada har forbod mot sjødeponi, og EU-parlamentet vedtok resolusjon mot sjødeponi i 2004. FNs miljøorganisasjon arbeider for stans i utslepp av gruveavfall frå land, og i dag er det berre Noreg, Papua New Guinea, Tyrkia, Indonesia og Filippinene som bruker sjødeponi.

I mai i år presenterte Artsdatabanken den første norske Raudlista for naturtypar. "Fjord" står på Raudlista på grunn av dei store belastningane som fjordane er utsette for gjennom utslepp, deponi, giftige sediment, oppdrettsnæring og fysiske inngrep. Samtidig har Mattilsynet innført restriksjonar på bruk av fisk frå fleire fjordar og Vassforskrifta krev strenge planar for å etablere god miljøtilstand i alle vassdrag og fjordar. No må Noreg rette arbeidet inn på å redusere belastninga på fjordane og gjennomføre oppreinsking i gamle syndar, ikkje tillate nye utslepp. Bruk av sjødeponi for gruveavgang er miljøkriminalitet.

Vi stiller tre generelle minstekrav for gruvedrift ut over det som elles følgjer av lovverket

1. Noreg må innføre eit generelt forbod mot nye sjødeponi av gruveavgang og avslutte eksisterande deponi
2. Forpliktande krav om sterk reduksjon av avfallsmengda frå gruver gjennom
 - a. god ressursutnytting og alternativ bruk av avgangen
 - b. val av driftsmetodar som gir minst mogleg avfall, for eksempel underjordsdrift i staden for dagbrot
 - c. tilbakefylling av restavfallet i gruva der det er mogleg
3. Forbod mot spesielt miljøfarlege driftsmetodar som for eksempel bruk av cyanid til utvinning av gull

*Forslagsstillere: Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane,
Møre og Romsdal, Sør Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark,*